

# Forsamlingsbygging i bedehusland

Rune Espelid, April 2017

## 1. Vidareføring og vekst i bedehusarbeidet

Behovet for å byggja ut bedehusarbeidet med fullverdige bibelske forsamlingar, er viktig av fleire grunnar. Dei viktigaste argumenta er:

- Ny vekst i bedehusarbeidet er avhengig av at heile breidda av dei bibelske verkemidla vert teken i bruk, der forsamlinga med sine funksjonar er heilt sentral for sunn og varig vekst (sjå kap. 3 nedanfor).
- Det tradisjonelle bedehusarbeidet har i liten grad fått med seg barnefamiliane dei siste ti-åra. Desse har behov for «alt-under-eit-tak»-forsamlingar, dei vil tilhøyra ei forsamling som gjev eit fulldekkande tilbod for heile familien sitt kristenliv.
- Med den teologiske og kyrkjemessige utviklinga i Norge, saknar mange bedehus-kristne eit truverdig alternativ til Dnk.

Dei mange små laga rundt i bygd og by er hovudressursen i bedehus-Norge. Her finn ein det personlege engasjementet, personar som er drivne av kallet og med stort tolmod og trufastheit i tenestene. Det er også desse personane som i sitt nabolag har den beste kontakten med folk utan forsamlingstilknytning. Det er lite tenleg om desse lokale arbeidslaga skulle verta lagt ned som følgje av etablering av ei bedehusforsamling.

I bedehus-Norge operer ei rekkje misjonsorganisasjonar. Det er desse som i vesentleg grad held bedehusarbeidet oppe og som kanaliserer resultatane ut til misjonsmarkene. Ei forsamlingsdanning bør leggja til rette for at arbeidsvilkåra for organisasjonane ikkje vert svekka. Desse bør sjåast på som ein forlenga arm for forsamlingane – ein struktur for misjonsinnsats som alt er på plass!

I dette notatet presenterer vi ein modell for etablering av bedehusforsamlingar, der det er lagt vekt på å ivareta dei problemstillingane som her er nemnt. Modellen gjev stor fridom til lokale variasjonar, og den er tilrettelagt for at ting kan koma på plass etter kvart, samstundes som den tek dei bibelske prinsippa på alvor.

Når vi ovanfor og vidare i teksten under brukar omgrepet «forsamling», «bedehusforsamling», eller «forsamlingsbygging», så meiner ein ei fullverdig bibelsk forsamling/«menighet», med dåp, nattverd og det som elles føl med (sjå kap 3 nedanfor).


## 2. Modell for forsamlingsbygging

Her skisserer vi ein modell for forsamlingsbygging i bedehusland som vi trur vil danna gode rammer for framtida. Strategien har to hovudpunkt:

- a. Etabler bedehusforsamling der det er ressursmessig grunnlag for det*
- b. Lokale grupper/foreiningar/lag i regionen rundt melder seg inn i bedehusforsamlinga på eige initiativ og kan fortsetja arbeidet sitt.*

Vi drøftar nedanfor meir detaljert kva som ligg i desse to punkta.

## Forsamlingsbygging i Bedehusland



### Hovudstrategi

- Bedehusforsamlingar (BF) vert etablert der det er ressursmessig grunnlag
- Ulike bedehusgrupperingar (Lag) i omegn melder seg inn på eige initiativ

### Rettar Lag-medlemskap

- Organisere og drive eige arbeid lokalt på sin stad
- Råderett over eigne midlar
- Kan bruke lokala til BF, og annonsere verksemda si i BF

### Plikter Lag-medlemskap

- Underlagt BF sitt tilsynsansvar
- Sluttar opp om gudstenesta i BF
- Støttar BF sitt føremål, strategi og arbeid
- Leiar /styremedlemmer bør vera medlemmer i BF

### 2.1 Bygg bedehusforsamling der det er ressursmessig grunnlag

Første hovudpunktet er at det vert etablert ei bedehusforsamling på kvar stad der det er lokale ressursar til dette. No er vi av den oppfatning at der to eller tre er samla i Jesu namn, der er Guds rike. Likevel, i tillegg til dette ser vi at NT talar mykje om den lokal forsamlinga, og at den både har synlege kjenneteikn, og ein sentral funksjon med tydeleg oppdrag i oppbygginga av Guds Rike (ref Njål Skrunes: «Bibelske ideal for bedehusmenigheten»). Det er slike forsamlingar vi treng i bedehusland.

Somme stader kan det vera ein føresetnad for forsamlingsdanning at fleire bedehus går saman om tiltaket for å få nødvendig storleik. Det medfører sjølv sagt at ei nytenking må til for dei bedehusa som ikkje får bedehusforsamlinga (BF) til sitt lokalsamfunn. Det kjem vi tilbake til nedanfor. Her gjeld det om å vera realistiske og tenkja langsiktig på Guds Rike si framtid. Bedehusfolket må stå saman i denne tida, det er vår appell.

Ei problemstilling som dei fleste stader vil melda seg straks, er kvar denne forsamlinga skal knyta seg opp organisasjonsmessig, til NLM, IMF, Normisjon, eler ein kombinasjon av desse, er det mest aktuelle. Dei lokale føresetnadane vil oftast peika i ei viss retning, og samstundes må det leggjast til at det er viktig å ivareta det heilage samfunnet på tvers av organisasjonsgrensene.

Det krevst eit visst minimum av ressursar for å etablere ei bibelsk forsamling. Det gir seg utifrå at det er ein del tenester som må vera på plass, som t.d. regelmessige søndagsmøter, nattverd, dåp, forbønsteneste, song/musikk, mm, og det krevst ein viss økonomi, leing, administrasjon og praktiske tenester. Men, her er det engasjementet og kallet som tel, og ikkje nødvendigvis talet på menneske. Vi ser likevel for oss at ei forsamling med under 50 medlemmer kan verta tung å driva i lengda.

Utviklinga peikar i retning av at det er strategisk viktig å etablere forsamlingar mens det enno er ressursar til det på bedehusa, og ikkje venta til dei er nær nedlegging.

## 2.2 Lokale lag melder seg inn i bedehusforsamlinga

Innanfor det området der ei bedehusforsamling (BF) vert etablert vil det normalt finnast ei rekkje andre kristelege tiltak, som små bedehus, foreiningar, søndagsskular, husfelleskap og bibelgrupper, (alle desse heretter omtala som lag). Andre hovudpunkt i strategien er at så mange som mogleg av desse laga melder seg inn i forsamlinga. Dei kan sjølv vera knytt til heilt andre organisasjonar enn den/dei forsamlinga eventuelt er knytta til. Innmeldingsspørsmålet er ei sak som kvar laget sjølv avgjer, og laget vert evt. teken opp som medlem i BF etter søknad frå laget.

Eit lag-medlemskap i BF medfører følgjande rettar og plikter, rettane først:

- Laget kan organisera og driva eige arbeid
- Laget har råderett over eigne midlar
- Laget kan bruka BF sitt lokale og annonsere verksemda si i BF

Pliktene som følgjer med er at laget:

- Vert underlagt BF sitt tilsynsansvar
- Sluttar opp om gudstenesta i BF
- Støttar BF sitt føremål, strategi og arbeid
- Leiar og fleirtal i evt. styre må vera medlemmer i BF

Pliktene i medlemskapet inneber i sum at laga ser seg som lemmer på den lekamen som BF er i bibelsk forstand, og vil bidra til å byggja opp BF.

Tilsynsansvaret som her er nemnt, gjeld den bibelske hyrdefunksjonen og går på den åndelege dimensjonen. Denne skulle ikkje vera i konflikt med laget si eventuelle tilknytning til annan organisasjon enn den/dei som BF er tilknytt.

Lag-medlemmene vil inngå som ein del av BF sitt celle-gruppe arbeid. Dei kan bli utfordra til å delta i einskilde sider ved arbeidet i BF, som t.d. studieopplegg, bønnearbeid, etc.

Det at laga kan driva sitt eige arbeid, utan styring av BF, ivaretek ei side ved den frie nådegåveutøvinga som er ein sentral verdi i bedehusland. Det gjev mangfald i arbeidet, og eksisterande kall/engasjement/lokale kontaktflater vert vidareført.

Vi ser det difor som viktig at flest mogleg av eksisterande lag i området melder seg inn i bedehusforsamlinga. Vi trur desse laga og arbeidet deira vert styrkt ved å knyta seg opp til ei BF. Samstundes vil deira innmelding i BF styrkja både BF og vennesamfunnet på bibelsk grunn i dette området.

## 3. Eksempel - tenkte situasjonar

### 3.1 Forsamling i Osen

Vi kan tenkja oss ein liten tettstad som vi her kallar Osen. Det vert avklart at her er det grunnlag for å starta ei bedehusforsamling, og den vert innmeldt i både IMF og NLM, sjølv om indremisjonsforeininga i Osen eig bedehuset.

I omkringliggjande bygder finst det to bedehus, Nain og Bethel. Når det er møter i Nain, samlar dei ofte mange av dei same folka som også går i Osen-bedehuset. Nain har difor valt å vera med i skipinga av bedehusforsamlinga i Osen (heretter Osen-BF), og lagt ned si eiga verksemd.

### **3.2 Bethel melder seg inn i Osen**

Bethel ligg i ei mindre bygd i noko avstand frå Osen. Nokre få eldsjeler held oppe eit visst arbeid, har møter innimellom når det kjem talar frå ein organisasjon, har basar og julefest, og frammøtte på arrangementa er i all hovudsak folk frå bygda. Dette bedehuset vel å melda seg inn som eit Lag i Osen-BF av fleire grunnar. Ein av dei er at dei sjølve ikkje maktar å driva ungdomsarbeid, men vil gjerne at eigne ungdomar får eit bibelsk, trygt og større miljø å treffast i. Dessutan får bedehusflokket ei fullverdig bedehusforsamling å høyra til, og får del i tenestene som ei slik forsamling gjev. Særleg er dei glade for den regelmessige forkynninga kvar søndag.

Bethel-flokken kan etter innmeldinga i Osen-BF fortsetja arbeidet sitt i bygda – bortsett frå at søndag føremiddag er reservert for gudstenesta i Osen-BF. Dei kan elles ha møter som før, halda basaren og julefesten. Osen-BF ser positivt på dette arbeidet og vil at det skal halda fram. Dei ser det slik at Osen-BF med denne innmeldinga har fått eit lokalt arbeid i nabobygda, driven av det lokale bygdefolket, dei som har aller størst sjanse for å vinna sine sambygdingar for Jesus.

### **3.3 Andre foreiningar melder seg inn**

Ein Ordet og Israel-foreining har hatt verksemd i bedehuset på Osen. Når den melder seg inn, kan den fortsetja arbeidet sitt, men møta deira må koordinerast og passa inn i møteplanen til BF. På den andre sida kan dei no oppleva større frammøtte, sida BF samlar meir folk enn før.

Fleire NLM-foreiningar eksisterer både i Osen og i bygdene rundt. Desse driv som før, og som innmeldte i Osen-BF utgjer dei viktige cellegrupper for forsamlinga.

### **3.4. Ei frittstående forsamling**

Går vi til ei heilt annan stad i landet, så er bedehuset der eigd av kristenfolket i bygda ved ein stiftelse. Eit bedehusstyre har organisert verksemda på bedehuset, og innpassa tid til dei ulike organisasjonane så dei får ha si verksemd. Kjernen i bedehusfolket vil no ta eit skritt vidare og danna ei forsamling. Ved nye lover og val vert bedehusstyret omgjort til eit forsamlingsstyre. Dei ulike organisasjonslaga som vil driva vidare på bedehuset må no melda seg inn i forsamling og få eit lag-medlemskap, og dei får då dei rettane og pliktene som følg med dette.

Eit hovudspørsmål for denne forsamlinga er om den skal knyta seg opp mot ein eller fleire organisasjonar. Av dei ulike laga som er meldt inn er dei fleste tilhøyrande ein eller organisasjon frå før, og arbeidsfridomen deira er ivareteken. Det forsamlinga må tenkja igjennom er kor vidt den treng støtte utanfrå – til gjennomføring av t.d. vigsler, gravferder, undervisning, mm. I dette tilfellet vel forsamlinga å stå fritt, og vurderer saka på nytt om det skulle dukka opp eit aktuelt kyrkjesamfunn med medlemskap for forsamlingar.

## **4. Kjenneteikn på ei bibelsk forsamling**

Ei Jesu Kristi forsamling må vera organisert slik at den fungerer utifrå dei bibelske ideala. Bibelen føreskriv som kjent ikkje ei bestemt organisering. Ulike bedehusforsamlingar kan difor framstå i ulik skapnad. Likevel, forsamlinga av dei truande har ein sentral plass i NT, med tydelege kjenneteikn, og tydelege oppdrag. Sjå «Bibelske ideal for bedehusmenigheten», Njål Skrunes 2017. Nedanfor er oppsummert i ti punkt dei sidene som må verta ivaretekne ved danning av ei bedehusforsamling, henta frå Skrunes sin artikkel:

1. Organiseringa må setja nådemidla i sentrum. Det må difor vera ei ordna forkynning, undervisning og forvaltning av dåp og nattverd. Dette kan ikkje overlatast til tilfeldige initiativ.
2. Forsamlinga må organiserast slik at den fremjar eit mangfald av nådegåvetenester.
3. Forsamlinga må synleggjera at tenesta med evangeliet sprengjer alle grenser og må ut i lokalmiljøet og ut til endane av jorda.
4. Forsamlinga må framstå i lokalmiljøet som samfunnet av dei truande.
5. Regelmessig samling er nødvendig for å vera «lys» i sit lokalsamfunn.
6. Summen av forsamlinga si verksemd bør avspegla kristenlivet sine grunnleggjande orienteringspunkt, rundt skaping, syndefall, frelsa i Jesus Kristus, og fullendinga ved Jesu komme til dom og frelse.
7. Forsamlinga må tre fram i verda gjennom ei diakonal teneste, internt i forsamlinga ved sjelesorg og omsorg, og utover i verda gjennom gode kjærleiksgjeringar.
8. Forsamlinga må ha ei leiing basert på åndeleg utrustning og visdom, og på menneskeleg utrustning som er viktig for leiaroppgåva.
9. Forsamlinga må ha ei tilsynsordning internt som er tydeleg for den einskilde i forsamlinga, og eventuelt ei ekstern tilsynsordning som kan tre i kraft når det er nødvendig.
10. Forsamlinga si ordning må vera synleg og kjent i den forstand at den er nedfelt i lover tilgjengeleg for alle.

## 5. Drøfting av aktuelle problemstillingar

Vi trur det er slik at bedehusarbeidet i stor grad alltid har vore av forsamlingsbyggande karakter, men dette har for det aller meste skjedd i eit samspel med Den norsk kyrkja som har teke seg av vesentlege sider ved ei fullverdig bibelsk forsamling.

Når vi ovanfor talar om å ta i bruk «heile breidda av dei bibelske verkemidla», så legg vi i dette særleg nattverd, dåp, tilsynstenesta (hyrdefunksjonen), opplæringa og diakonien. Forkynninga, nådegåvebruken og det heilage samfunnet tenkjer vi har vore ein del av bedehusarbeidet alltid, men vert ikkje mindre viktig i ei fulldekkande bibelsk forsamling.

Det å etablere ei bedehusforsamling dreier seg om å ta ansvar for sider ved kristenlivet ein tidlegare har overlata til andre. Dette ansvaret må bedehusfolket no ta sjølv, om ein vil bevare bibelsk kristendom i luthersk samanheng i Noreg. Den norske kyrkja har ein omfattande strategi, og eit stort, profesjonelt og lønna mannskap, lokalt og sentralt, og samarbeid med denne institusjonen medfører at alt arbeidet skjer på Dnk sine premisser. Lekmannsarbeidet slik vi har hatt det, vert rett og slett utradert. Sjølv sagt finst det prestar lokalt som framleis forkynner Guds Ord, men det er lite framtidsretta for bedehusarbeidet å basera sin strategi på slike. Det er ikkje desse prestane som styrer kyrkjeskippet.

Misser bedehusarbeidet noko av den interne fridomen sin om ein etablerer bedehusforsamlingar? fridom i personleg initiativ og kallsoppgåver, og ikkje minst fridom i møteformene? Det kan vera noko rett i dette. Men det er viktig å ha i mente at det er Jesu lekam ein skal byggja, der Kristus er hovudet og har den styrande funksjonen – og det må innebera at Anden får sleppa til slik den skal. Ja, søndagsmøtet / gudstenesta er anbefalt å få ein fastare struktur, med gjerne med nokre få nye ledd, forankra i Guds Ord. Men dette gjeld altså kun søndagsmøtet og ikkje øvrige møter og arrangement.

## 6. Avslutning

Når ein tek opp arbeidet med å danna ei bedehusforsamling, er det avgjerande å hugsa på at det ikkje er «vår», eller «mi» forsamling ein skal reisa opp. Nei, det er Guds forsamling, Jesu lekam, ein skal setja i stand. Dette perspektivet påkallar audmjukskap i prosessen, og det minner oss om lemene sine ulikskapar og den viktige funksjon dei har med å vera ulike.